



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/15516
Sakshandsamar: Halvor Halvorsen
Dato: 11.03.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	18.03.2026

Årsmelding 2025

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret vedtek årsmeldinga for 2025 for Bordgleder Kinn Kommune KF slik ho ligg føre.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 18.03.2026:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedteke.

BOGL- 012/26 Vedtak:

Styret vedtek årsmeldinga for 2025 for Bordgleder Kinn Kommune KF slik ho ligg føre.

Bakgrunn for saka:

I samsvar med føretaket sine vedtekter og krava i Kommuneloven skal styret utarbeide årsmelding for verksemda. Årsmeldinga gjer greie for verksemd, økonomi, drift, arbeidsmiljø og viktige utviklingstrekk i føretaket.

Saksopplysningar:

Årsmeldinga for 2025 viser at dette var første heile driftsår i dei nye produksjonslokala i Florø. Erfaringane frå året viser at kjøkkenet fungerer etter føremålet, med gode arbeidsforhold, høg matsikkerheit og effektiv produksjon. Produksjonskapasiteten er dimensjonert for venta vekst i tal eldre i kommunen fram mot 2035, og føretaket har difor ein restkapasitet som kan nyttast til eksternt sal.

Føretaket har i 2025 levert måltidstenester til institusjonar, heimebuande brukarar og dagtilbod i Kinn kommune. I tillegg har Bordgleder hatt leveransar til eksterne kundar, mellom anna ferjeselskap på Vestlandet. Eksternt sal er eit viktig verkemiddel for å utnytte kapasiteten ved kjøkkenet og bidra til meir berekraftig drift.

Totale driftsinntekter i 2025 var kr 15 430 889. Føretaket hadde eit driftsunderskot på kr 1 514 162 samanlikna med revidert budsjett. Kostnadsnivået i føretaket ligg innanfor dei prognosane som

tidlegare er lagde fram for kommunestyret, men inntektene frå kommunen er reduserte. Arbeidet med å auke eksternt sal er difor eit sentralt tiltak for å styrkje økonomien i føretaket.

Det er i løpet av året gjennomført ei ekstern gjennomgang av kostnadsbiletet og den økonomiske situasjonen i samarbeid med Kinn kommune. Gjennomgangen har mellom anna vurdert kva nivå på eksternt sal som er nødvendig for å oppnå eit berekraftig økonomisk resultat.

Årsmeldinga omtalar også arbeid med internkontroll, arbeidsmiljø, likestilling og miljø. Føretaket hadde i 2025 totalt 6,8 årsverk fordelt på 7 tilsette. Sjukefråværet var høgare enn året før, men er ved inngangen til 2026 redusert til eit nivå føretaket vurderer som akseptabelt.

Vurderingar:

Administrasjonen vurderer at årsmeldinga gir eit dekkjande bilete av verksemda i 2025, både når det gjeld drift, økonomi og utviklingsarbeid. Dokumentet gjer greie for dei viktigaste utfordringane og prioriterte oppgåver for vidare utvikling av føretaket.

Vedlegg i saken:

Årsmelding Bordgleder til styret 2025